



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5524 - 16/16706

Saksbehandlar:

Nora Gjerde

nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:

17.06.2016

Klage på godkjenning av reguleringsplan for Fløsvika, plan-ID 1263-201009

Vedlagt følgjer vedtak i Plan- og miljøutvalet – 08. juni 2016.

Med helsing

Nora Gjerde

administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Knut Atle Taule

Post

postmatak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
076/16	Plan- og miljøutvalet	PS	08.06.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/5524

Klage på godkjenning av reguleringsplan for Fløsvika, plan-ID 1263-201009

Vedlegg:

Klage på reguleringsplan - detaljregulering FløsvikaMerknad til reguleringsplan Fløsvika bustadfelt2.gongs handsaming av detaljregulering for Fløsvika bustadfelt gnr.196, bnr.4 mfl.Fløsvika føresegner rev_08.12.2015_jf PMU vedtakID20100900_Fløsvika_RegPlan_Plankart_13.01.16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, jf § 1-9, avviser plan- og miljøutvalet klage fra Ing. Taule AS. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Plan- og miljøutvalet - 076/16

PM - behandling:

K.Vågstøl-H sa seg ugild grunna kundeforhold, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, jf § 1-9, avviser plan- og miljøutvalet klage fra Ing. Taule AS. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saka skal avgjera i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet er vedtaksmynde for klager på godkjente reguleringsplanar. Dersom utvalet vel å endre på kommunestyret sitt vedtak, er dette eit nytt enkeltvedtak som kan påklagast. Større endringar krev nytt vedtak i kommunestyret. Om klaga vert avvist, vert klaga sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Reguleringsplan for Fløsvika vart godkjent av kommunestyret i møte 17.12.2015, sak 126/15. Det har kome inn ei klage frå Ing. Taule AS på vedtaket, i tillegg til ein merknad frå FAU Leiknes skule. Klagen gjeld gang- og sykkelveg vidare mot E-39 og merknaden frå FAU ved Leiknes skule fokuserer på tema trygg skuleveg for heile bygda frå Mundal til Hjelmås.

Klage frå Ing. Taule AS

Ing. Taule AS viser innleiingsvis til at det i det aktuelle feltet skal etablerast inntil 55 nye bueiningar og at det i planen vert vist til at eksisterande infrastruktur er tilstrekkeleg til å bere auka belastning som følgje av tiltaket. Klagar er ueinig i denne vurderinga.

Klagar peiker på at planområdet er del av eit større areal som er avskild mellom E39 og fjorden som har ein arm inn i Hillesvågen. Leiknesvegen fv 391 bitt saman området, og denne har varierande standard og fleire uoversiktlege punkt sør i området fram til skulen på Leknes. I nord er det betre siktilhøve langs vegen frå Eknes karosseri. Det er fortau på delar av strekninga frå Leknes skule, nordover frå krysset ved skulen og om lag fram til avkøyringa til planområdet for Fløsvika. Vidare nordover frå planområdet til Eknes karosseri er vegen rimeleg rett med varierande breidde. Klagar peiker vidare på at det i området Midtgård/Leknes er oppført ein heil del bustader dei siste åra i tillegg til eksisterande busetnad mot E39 og Eknes karosseri. Ing. Taule As peiker på at 55 nye bueiningar langs denne strekninga vil føre til auka trafikkfare på strekka utan fortau fram til E39, då storparten av biltrafikken truleg vil gå nordover for å køyre ut på E39 derfrå. Den aktuelle vegen er også skuleveg for dei som bur i Kleivdalsvegen, Apalen og Hjelmås.

Ing. Taule AS meiner det bør setjast krav om kostnadsdeling for trafikksikring/fortau langs fylkesvegen frå dagens endepunkt på fortau og nordover til avkøyringa til E39.

Merknad frå FAU ved Leiknes skule

FAU ved Leiknes skule har sendt inn merknad til vedtaket til kommunestyret, der det vert løfta fram at kommunen må ha auka fokus på trafikksikker skuleveg fram til Leiknes skule. FAU viser til at det ikkje har vorte teke omsyn til merknadane deira og fokus på sikker skuleveg. Dei utfordrer kommunen til å lage ein områdeplan for heile bygda 5915 Hjelmås.

Det vert stilt spørsmålteikn ved at kommunen tillet auka trafikk i området utan å bidra til sikring, anten i samarbeid med private utbyggjarar eller på eige initiativ. Dei er også negative til at ein legg opp til ei kopling mot skulen gjennom det gamle byggefeltet med smale vegar, bakkar og manglande fortau og veglys. Dei ynskjer vidare at skulevegproblematikken vert teke tak i før ein godkjenner fleire byggefelt i området og er bekymra for om Fløsvikafeltet skal få dispensasjon til å bygge ut før skulen får kapasitet til å ta i mot fleire elevar på forsvarleg vis. Det vert også vist til at skulen truleg vil vere for liten om kort tid og at mengda med nye husvære kan føre til at klassar på skulen vert delt og skaper utfordringar knytt til tal på klasserom på skulen.

Vurdering

Det kom inn ei klage på kommunestyret sitt vedtak om å godkjenne reguleringsplan for Fløsvika, i tillegg til ein merknad frå FAU ved Leiknes skule. Både klagen og merknaden er i utgangspunktet knytt til trafikktryggleik for mjuke trafikantar i området.

Ing. Taule AS peiker på at den aktuelle utbygginga vil gje auka belastning på tilkomstvegen nordover til E39 ved Eknes karosseri. Her er det i dag god sikt, men manglande tilbod for mjuke trafikantar etter at gang- og sykkelvegen stopper rett nord for plangrensa til reguleringsplan for Fløsvika. Administrasjonen kan ikkje sjå at trafikktryggleik langs strekninga nordover mot E39 frå planområdet har vore noko spesielt utgreidd tema i planarbeidet for Fløsvika. Hovudfokus for planarbeidet har vore å sikre gode mogleigheter for mjuke trafikantar mot skule og mindre fokus har vorte retta mot tilkomst til busstopp i nord ved E39. Ing. Taule AS trekk fram at mykje av trafikken truleg kjem til å gå nordover for å kome seg ut på E39. Dette kan vere ein moglegheit, men administrasjonen meiner at det ikkje vil vere noko sjølvfølge at dette vil vere det mest aktuelle køyremønsteret, då det også kan vere aktuelt med avlevering i skule og barnehage på vegen, og då vil sørleg tilkomst kunne vere like aktuell. Administrasjonen meiner likevel at det kunne vore vurdert å trekke inn trafikksikring mot nord som tema i handsaminga av reguleringsplanen, då Hordaland fylkeskommune peiker på at busstopp ved E39 i nord kan fungere som supplement til dårleg kollektivdekning langs Leknesvegen i dag. Samstundes peiker fylkeskommunen på at det er mest truleg at folk i området vil bruke bil til og frå ærend. Vidare har heller ikkje Statens vegvesen hatt noko merknad knytt til trafikktryggleik mot nord, og meiner samstundes at trafikktryggleik er tilstrekkeleg ivaretake gjennom eksisterande tilbod i området.

Administrasjonen ser at det hadde vore ei klar forbeting av trafikktryggleik i området å få på plass eit tilbod for mjuke trafikantar også nordover fram til busstoppet ved E39. Samstundes så har fokus på planarbeidet for Fløsvika lagt til å sikre trygg skuleveg for beburane innanfor det nye bustadområdet. Det er truleg at ein del av desse kjem til å bruke Leknesvegen for tilkomst til buss og andre ærend, men omfanget av dette er relativt avgrensa. Administrasjonen vil vidare peike på at den aktuelle vegstrekka først og fremst vil vere i bruk som skuleveg for mjuke trafikantar frå andre område og ikkje beburane i Fløsvika. På bakgrunn av dette vil det vere urimeleg å pålegge eit nytt rekkefølgjekrav knytt til trafikksikring etter administrasjonen si vurdering. Administrasjonen meiner at ein heller må pålegge eventuelle nye bustadfelt lenger nord krav om utbetring av trafikktryggleik mot skule, slik det mellom anna er gjort for Apalen sør og Helleåsen tidlegare. Tilknyting mot nord må heller dekkast av ny utbygging lenger nord, alternativt gjennom offentlege trafikksirkingsmidlar om dette skulle vere tilgjengeleg.

Oppsummering klagevurdering:

Oppsummert meiner administrasjonen at det ein ikkje kan anbefale å leggje inn rekkefølgjekrav knytt til utbetring av gang- og sykkelveg nordover mot E39, då hovudfokus

ligg på tilbod om skuleveg frå planområdet til Leknes skule.

Når det gjeld merknaden frå FAU ved Leiknes skule, er administrasjonen av den oppfatning at det er viktig å legge til rette for fleire alternative gjennomgangsvegar i nye bustadområde. Ved å knyte saman eksisterande bustadfelt med dei nye bustadane i Fløsvika, skaper ein moglegheiter for å krysse områda på, der ein elles truleg ville ha nytta snarvegar over dei same areala likevel. O_SGG1 ligg på eit mykje lågare nivå enn fylkesvegen i nord og vil vere eit føremålstenleg alternativ til gang- og sykkelvegen her. I høve trafikksikring i dei gamle felta er i utgangspunktet administrasjonen enig i at denne kunne ha vore betre, men meiner likevel at det ikkje vil vere urimeleg risiko knytt til ferdsle i området, då det også i dag er ferdsle i området. Administrasjonen meiner, som omtalt i vurderinga til 2. gangs handsaming at dette er tilstrekkeleg.

Når det gjeld krav om områdeplan for trafikksikring for heile området Mundal-Hjelmås, meiner administrasjonen at dette anten må takast som ein eigen temaplan for trafikksikring, der det vert løyvd midlar til å utbetre dette. Alternativt må det lagast områdeplan slik det vert bede om, men dette har til no ikkje vore etterspurt politisk eller vurdert av administrasjonen. Tilhøvet til skulekapasitet og utbygging av bustadfeltet vil er tidlegare vurdert i bustadbyggeprogrammet for kommunen, der det i 2016 ikkje er lagt opp til utbygging i Fløsvikafeltet. Vidare vurderingar om skulekapasitet må takast av kommunen i nytt bustadbyggeprogram eller via andre vurderingar.